

Fin sommarfest før skuleslutt

18.06.2015



Stor suksess for fyrsteklassingane

Utomhusidrettane fotballbowling og hesteskokasting var litt hemma av regnskura men alt i alt gjekk den tradisjonelle sommarfesten til oppvekstsenteret i ettermiddag glatt og med god stemning. Det var ein fin opptakt til ein ferie som vi alle håpar vert varmare enn til no. Måndag er det skuleslutt.

Utan at vi skal dela ut nokre karakterar er det ikkje til å komma utanom at fyrsteklassingane hadde stor suksess. Dei hadde både song og teater om heksar og høner å lokka med og var fingerferdige bak eit gjennomsiktig laken. For sikkerheits skuld hadde dei annonsert med ekstraframsyning allereie då dei køyerde hovudframsyninga og lokalet vart godt fylt eingong til. Alle hadde noko å by på under festen, til dømes var kveldens film om draker og prinsar andreklassens tilbod,



Nestrektron Odd Steinar Arnesen viste kva han kunne som presisjonsspike

Nestrektron Odd Steinar Arnesen hadde sin fulle hyre med å halda unna for fjerdeklassingane i presisjonsspikekring medan fleire av bygdas fremste forretningsfolk hadde betre lukke på lukkehjulet.



Lykkehjulet vert aldri avlegs

Frammøtet var i det heile godt også av foreldre og vener og bar nok ein gong bod om at vi likar oss på skulen vår og har omsorg for dei som er der, både under bak kateteret.



Barnehagen hadde inngangspartiet som serviringsområde

Så er det da også noko godt å nyta av mat og drikke, Denne gongen var det elevrådet som selde pølser og brus medan barnehagen hadde herleg kakebord. Og inntektene går sjølv sagt i kassa til elevane.



Skal det vere ein brus?

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen